



Arkiv nr:

Sak nr 7/2016

Møtedato: 27.1.14


Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Søknad om midlertidig steindeponi ved Flydammen

Foreningen til Bægnavassdragets Regulering (FBR) skal utbetre Flydammen. Mesteparten av arealet som vil bli berørt er FBR sin eigedom 93/2, men midlertidig steindeponi og stig er planlagt på allmeningsgrunn. FBR søker om å få etabler eit midlertidig steindeponi ("Steindeponi øst" på kart) sør for krysset ved Flydammen. Fjellstyret har laga til ein rasteplass her. Fjellstyret sin rasteplass vest for brua (på FBR sin eigedom) vil også bli brukt til steindeponi. Oppstart av anlegget vil skje hausten 2017 og arbeidet vil ta ca to år. I denne perioden vil vegen over Flydammen bli stengt for kjøring, men det vil bli laga ein midlertidig stig for gåande, syklande og ridande i anleggsperioden. Delar av stigen vil gå over allmenningen. FBR har søkt NVE om godkjenning av teknisk plansøknad og areal- og disponeringsplan. Søknadens del 4, Miljø og landskap, omfattar bl.a. arealdisponeringsplanen (side 25) og beskriving av steindeponi øst (side 33 og 34) er lagt ved søknaden. NVE vil sende plan til høyring i kommune og fylke. For disponering av areal som ligg i LNF-området vil FBR sende eigen søknad om dispensasjon til kommunen.

Kart over anleggsområdet med markering av FBR sin eigedom 93/2.



Søknaden om bruk av arealet blir avgjort av Statskog etter uttale frå fjellstyret. Fjellstyret såg på saka under befarung i juni 2015 saman med FBR og Statskog. FBR opplyste at dei vil setja i stand området minst like bra stand som tidlegare. I følge plan skal berørte areal tilbakeførast ved naturleg revegatering med toppmasse frå området, dvs avdekka masse skal leggst tilbake oppå ferdig planert terreng. Ved rasteplass vest for brua må utedo, skilt og rastebord fjernast under anleggsarbeidet.

Det er sjølvstøtt uheldig, ikkje minst for stølsbruket i Baklie, at vegen blir stengt i to år. Ein føresett at det blir ein økonomisk kompensasjon for dei som lid økonomisk tap av stenginga. Dette er ikkje noko som fjellstyret kan stille krav om, men det må løysast gjennom behandling av arealdisponeringsplanen.

Flydammen er ein av dei mest brukte fiskplassane i allmenningen. Om anleggsarbeidet vil føre til at området ikkje er tilgjengeleg for fiskarane, går ikkje fram av søknaden. Det vil uansett bli langt mindre attraktivt og tilgjengeleg å bruke området i anleggsperioden. Fjellstyret må også rekne med redusert sal fiskekort som følgje av anleggsarbeidet. Så langt det er mulig må FBR leggja til rette at fiske kan utøvast og kompensert med tiltak for utøving av fiske. Dette omfatta mellom anna at det bør gjerast tiltak for å sikre minstevassføring i elvestrekning nedafor brua i periodar med lite nedbør. Dette er tidlegare drøfta med FBR og midlertidig løyst med å fjerne stokkar frå utsparring i demning.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret har ingen merknader til at FBR får love til å etablere omsøkt steindeponi og stig på allmenningen sin grunn. Det er ein føresetnad at området blir sett i stand etter bruk i minst like bra stand som tidlegare. Fjellstyret føresett vidare at vi får eit samarbeid med FBR om praktiske tiltak for utøving av fiske og sikring av minstevassføring.

Vedtak:

Fjellstyret har ingen merknader til at FBR får love til å etablere omsøkt steindeponi og stig på allmenningen sin grunn. Det er ein føresetnad at området blir sett i stand etter bruk i minst like bra stand som tidlegare. Fjellstyret føresett vidare at vi får eit samarbeid med FBR om praktiske tiltak for utøving av fiske og sikring av minstevassføring.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 27.1.16

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
FBR